

Kjære varaordfører, Leiv Jarle Bergheim

Vi er her i dag for å stå fram og informere befolkninga i Aurland kommune om den viktigaste kjelda til eit godt samfunn. For kven er det som ikkje ynskjer å leve med eit fint samhald til andre? I dette tilfellet vil ikkje *andre* berre definere menneske rundt oss, men òg menneske som kjem etter oss.

I løpet av jordas historie vil klimastreik vere den viktigaste forma for streik. For når vi streikar for klimaet, så er vi med på å påverke ikkje berre eitt område eller eitt land, men heile verda.

«Om Noreg ikkje kuttar ned på klimagassutsleppa innan 2030, så vil EU straffa oss», er kanskje noko du har høyrd før. Dei fleste vil nok tenkje at det er fint at nokon set ei grense for oss, men vi tykkjer det er feil å gjere det på den måten. Er det verkeleg nødvendig at nokon må trua oss for at vi skal ta ansvar?

«Gjer som Greta» seier ein av plakatane våre. Og ja, vi er nøydt til å ta eit grep og gjere slik som Greta. Vi ungdommar startar lett ein demonstrasjon, men vi kjem ikkje langt utan hjelp frå dykk vaksne! Vi kan rope og skrike så mykje vi måtte ynskje, men det er trossalt dykk som politikarar som kan ta med dette vidare, og dykk som vaksne som har stemmerett.

Det er ikkje noko hjelp i å berre klage og forvente at noko vettig vil skje. Vi ungdommar ynskjer å verte høyrd, og med dette ynskjer vi at du som varaordfører vil snakke med ordfører, Noralv Distad, om kva vi kan gjere både kommunalt og nasjonalt for å førebyggje eit dårleg klima.

Vi har nokre gode forslag til korleis vi kan gjere opp for klimaet i kommunen. Om dykk er interesserte i å høyre meir på kva vi har å seie, så ikkje ver redde for å ta kontakt. Det aller viktigaste er at dykk ikkje berre er villige til å lytte, men at dykk òg er villige til å gjere ein forskjell.

Vi ynskjer å takke deg for at du gledeleg møtte opp i dag, og at du ynskjer å høyre kva vi unge har å seie.

Med venleg helsing,

Nora Tangen Aarskog, Marie Hoel- Hansen, Brita Grønsberg og alle som deltok på dagens streik.